



Vestnes
kommune

2025

Handlingsplan for mangfold og inkludering i Vestnes kommune

INNHALD

Innleiing	2
Filmpakke	2
Utfordringar - kvifor treng vi denne planen?	3
Forankring	3
Formål med planen.....	4
Målgruppe	4
Avgrensingar	4
Definisjonar	5
Tiltak:	5
kommunalområdet oppvekst og kultur	5
Barnehagar, skular og PP-tenesta	6
Kultur og frivilligheit i kommunal regi	9
Kunnskapsutvikling og bevisstgjeri i kommunen som organisasjon	13
Avslutning	14
Kjelder	15
Kunnskapsgrunnlag for handlingsplanen	16
Kommuneplanen sin samfunnsdel for 2025 – 2037	16
Plan for arbeidet med eit godt psykososialt miljø i barnehagane i Vestnes	16
Plan for førebyggjande arbeid mot omsorgssvikt og åtferdsproblem	16
Ungdata junior	17
Ungdata	17
Oppvekstprofilane	18
Mangfaldsundersøkinga	19
Innbyggjarane i Vestnes	19
Tilsette i Vestnes kommune	20
Språkundersøking	20
Lovverk	21
Definisjon av omgrep	22
Kommunefakta for Vestnes i 2025	23
Ressursar og idébank	24

INNLEIING

Inkludering og menneskeverd heng tett saman. Menneskeverd vil seie at ALLE menneske er like mykje verd. Når alle er like mykje verd, må alle få like moglegheiter til å vere med i samfunnet. Vi må ha etablerte normer og verdiar om å respektere og inkludere alle. Eit samfunn der alle føler seg verdsett og inkludert, er viktig både for enkeltindividet og for samfunnet som heilheit. Mangfald handlar om at samfunnet blir betre når ein aksepterer at menneske er forskjellige. Når ein løftar fram respekt, toleranse og openheit, kan mangfaldet bli ein ressurs.

Denne planen gir ei oversikt over tiltak for mangfald og inkludering i oppvekstsektoren i Vestnes kommune, samt innan kultur og frivilligheit i kommunal regi. Den synleggjer òg tiltak som Vestnes kommune gjer for å skape mangfald og inkludering.

Vestnes kommune fekk i 2024 midlar frå IMDi for å gjennomføre prosjektet *Arbeid for mangfald og mot rasisme og diskriminering i Vestnes kommune*. Prosjektet sitt mål er å fremme eit inkluderande samfunn der ALLE innbyggjarane føler seg velkomne og verdsette. Det vart i dette prosjektet gjennomført ei kvantitativ undersøking blant dei tilsette i kommunen og blant kommunen sine innbyggjarar som er over 18 år. Undersøkingane har kartlagt haldningar til mangfald og erfaringar med mangfaldsarbeid og diskriminering.

Filmpakke

[Sjå filmane](#)

På bakgrunn av resultatane frå spørjeundersøkinga, har prosjektet resultert i denne handlingsplanen for mangfald og inkludering, samt ei filmpakke med tilhøyrande undervisningsopplegg. Vi har òg foreslått å innføre ei fast mangfaldsveke. Til slutt i handlingsplanen ligg ein ressursbank med tips til vidare lesing og filmar, samt lenker til ferdige undervisningsopplegg ein kan nytte for å fremme mangfald og inkludering.



Foto: OclinMedia

Utfordringar - kvifor treng vi denne planen?

Undersøkingane gjort i samband med mangfaldsprosjektet, viser at innbyggjarar og tilsette i hovudsak er positive til mangfald. Men det kom òg fram sider som viser viktigheita av at ein heile tida har fokus på å sikre at alle er inkluderte i lokalsamfunnet. 13 prosent av befolkninga er negative til eit fleirkulturelt samfunn, særleg blant unge menn er mange negative (25 prosent). Totalt sett opplever 22 prosent av innbyggjarane at det er noko eller mykje diskriminering i kommunen. Arenaene flest har vore utsett for diskriminering er i arbeidssamanheng og på skulen/i utdanning (17 prosent). 12 prosent har opplevd diskriminering av helsepersonell og tilsette på offentlege kontor. I ei språkundersøking gjort blant tilsette i skulane i Vestnes, kjem det fram at nesten 55 prosent dagleg opplever verbale konfliktar blant elevane. Bakgrunnane for konfliktane blir oppgitt å vere kommunikasjon, utestenging, mobbing, kulturskilnader og gruppepress. Ungdata-undersøkingane viser at dei fleste av barna i Vestnes har det godt, men det er likevel alvorleg for dei som blir ramma av mobbing (12 prosent), gruar seg til å gå på skulen (31 prosent) og ofte er einsame (12 prosent).

Det finst ulike innfallsvinklar for å fremme mangfald og inkludering. Tidleg innsats er sentralt også i dette arbeidet. Når barn i tidleg alder får felles opplevingar og samarbeider i ei mangfaldig gruppe, får dei øve seg på å sette seg inn i kva andre tenker, føler og erfarer, noko som bidreg til å utvikle empati og vennskap på tvers av bakgrunn. Slike erfaringar er gode å ha med seg inn i vaksenlivet og i eit samfunn som blir stadig meir mangfaldig.

Forankring

Denne handlingsplanen er forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel for 2025-2037.

Tiltaka i planen skal vere med på å realisere mål frå kommuneplanen sin samfunnsdel. Vi har òg lagt til grunn andre kommunale planar som er relevante, samt nasjonale planar og lovverk. I tillegg har vi lagt til grunn talmateriale frå ulike undersøkingar i Vestnes kommune, til dømes Ungdata-undersøkinga, språkundersøkinga gjort blant tilsette i skulane og Oppvekstprofilar for Vestnes, samt ulike forskingsartiklar og ressursider på internett. Vi går nærmare inn på dette i kunnskapsgrunnlaget som denne planen er bygd på. Der er det òg vist til ulike ressursar som kan vere nyttige dersom ein vil fordjupe seg grundigare i temaet.

Formål med planen

- Fremme mangfald og inkludering blant barn og unge i Vestnes gjennom førebyggjande arbeid og auka kunnskap om temaa i kommunalområdet oppvekst.
- Skape arenaer for samhandling og dialog mellom ulike grupper i lokalsamfunnet.
- Styrke samarbeid og fellesskap mellom innbyggjarar, kommunale tenester, kulturliv og frivilligheit i Vestnes.
- Førebygge rasisme og diskriminering i Vestnes.
- Auke bevisstheit, forståing og informasjon om mangfald, rasisme og diskriminering blant innbyggjarar og tilsette i Vestnes kommune for å skape eit tryggare og meir inkluderande lokalsamfunn for alle.

Målgruppe

Kommunalområdet oppvekst og kultur

Barnehagar, grunnskular og PP-tenesta: Planen skal gjelde både barn, ungdom og vaksne i Vestnes kommune. Vi ønsker at alle som jobbar med barn og unge får auka kunnskap om mangfald og inkludering i praksis. Tilsette sine handlingar, syn og verdier er viktige, sidan dei spelar ei så stor rolle i livet til barn og unge.

Frivilligheit og kultur i kommunal regi: Alle som jobbar innan kultursektoren og med frivilligheit i kommunal regi er òg ei viktig målgruppe for denne handlingsplanen. Dei er har mange og viktige menneskemøter som kan vere med på å styrke arbeidet for mangfald og inkludering.

Andre tilsette i Vestnes kommune: Alle tilsette i Vestnes kommune, også utanfor oppvekstsektoren, bør kjenne til planen og vere med på å fremme arbeidet for at fleire skal føle seg inkluderte. Auka kunnskap og bevisstgjerjing rundt mangfald og inkludering, skal vere med på å gjere lokalsamfunnet til ein god stad å vere for alle i Vestnes.

Avgrensingar

Vestnes kommune har fokus på å arbeide heilskapleg og førebyggjande. Vi vil difor rette innsatsen til dei første trinna i den heilskaplege innsatstrappa. Haldningar er noko ein må

jobbe med over tid, og det er ein fordel å starte tidleg. Denne handlingsplanen har i første omgang hovudfokus på korleis ein kan jobbe for mangfald og inkludering i oppvekstsektoren. I ei eventuell vidareutvikling av planen, kan fleire konkrete tiltak retta mot ulike einingar i Vestnes kommune takast med. Dette må gjerast i samarbeid med aktørar frå dei ulike kommunalområda.

Definisjonar

I denne planen brukar vi følgande omgrep i denne forståinga:

Mangfald: I denne planen brukar vi omgrepet mangfald i forståinga av at menneske ikkje er like. Med mangfald viser vi òg til variasjon. Det kan vere både synlege og usynlege forskjellar. Ei gruppe kan til dømes ha variasjon i alder, kjønn, religion, etnisitet, personlegdom, funksjonsnedsetting, interesser, seksuell orientering eller meiningar.

Inkludering: Refererer til prosessar der alle får moglegheit til å delta i samfunnet, uavhengig av bakgrunn eller eigenskapar. Det handlar om å anerkjenne og verdsette ulike grupper, og legge til rette for deltaking i alle aspekt av livet, inkludert utdanning, frivilligheit og arbeidsliv. Inkludering inneber også å ha like moglegheiter og å ha reell påverknad på samfunnet sine reglar.

Vestnes kommune: Alle tilsette og organisasjonen Vestnes kommune.

I Vestnes: Alle innbyggjarane i kommunen vår.

TILTAK:

KOMMUNALOMRÅDET OPPVEKST OG KULTUR

Tiltaka i denne handlingsplanen er særskilt retta mot kommunalområdet oppvekst og kultur. Handlingsplanen har innanfor dette hovudområdet tiltak som omhandlar:

1. Barnehagar, skular og PP-tenesta
2. Frivilligheit og kultur i kommunal regi

Planen seier òg noko om korleis kommunen som organisasjon jobbar med kunnskapsutvikling og bevisstgjerings for å styrke mangfald og inkludering.

Barnehagar, skular og PP-tenesta

Barnehage og skule er gode arenaer for å starte tidleg med haldningsskapande arbeid for å sikre mangfald og inkludering. Dersom ein har fokus på haldningsskapande arbeid i tidlege år, kan dette bidra til at barn og unge utviklar haldningar som fremmer mangfald og inkludering, og som kan vere med på å forebygge rasisme og diskriminering.

Barn og unge er særskilt beskytta mot rasisme og diskriminering av Barnehagelova og Opplæringslova. I Barnehagelova kapittel 8 heiter det at barnehagen ikkje skal godta krenkingar som til dømes utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen skal gripe inn når eit barn vert utsett for slike krenkingar. I Opplæringslova kapittel 12 slår ein fast at alle elevar har rett til eit trygt og godt læringsmiljø som fremmer helse, inkludering, trivsel og læring. Skulen skal ikkje godta krenkande oppførsel, som til dømes mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Likestilling og likeverd er også omhandla i rammeplan for barnehagen. Den seier at barnehagen skal fremme likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Barnehagen skal motvirke alle former for diskriminering og fremme nestekjærleik.

PP-tenesta er heimla i både barnehagelova og opplæringslova. Som sakshandsamingsorgan er tenesta òg bunden av forvaltningslova sine krav til forsvarleg saksbehandling og likebehandling. Dette omfattar mellom anna å løfte fram barnet si stemme i vanskelege spørsmål og å gjere vurderingar av barnet sitt beste når ulike omsyn skal vegast mot kvarandre.

Denne planen er meint å vere førebyggjande og det vil derfor vere viktig at ein kontinuerleg vurderer tiltaka for å sikre tett oppfølging på kva som verkar og ikkje, og på denne måten raskt kunne justere og fange opp eventuelle nye behov og tiltak.

Slik vil vi ha det (mål)	Slik gjer vi det (plan for gjennomføring)	Primæransvar
Vi skal legge til rette for eit inkluderande barnehage- og skulemiljø som skaper trivsel og trygge miljø, og som hindrar mobbing og utanforskap.	Vi støttar barnehagar og skular i å utvikle inkluderande læringsmiljø, og løftar fram variasjon i barns utvikling og læring som ein naturleg del av kvardagen.	PP-tenesta
	Vi rettleier tilsette i å identifisere og redusere barrierar for enkeltbarn, og i å tilpasse organiseringa slik at fleire kan delta og få utbyte av aktivitetane.	PP-tenesta
	Vi hjelper tilsette med å forstå barn som uttrykker seg gjennom uro, tilbaketrekking eller motstand, og styrker arbeidet for at dei kan oppleve sosial tilhøyrse i fellesskapet.	PP-tenesta
	Vi bidreg i det langsiktige arbeidet med å utvikle kapasitet og kompetanse i kommunen, slik at fleire barn med omfattande behov eller krevjande skulesituasjonar kan få eit forsvarleg og tilrettelagt tilbod i eigen kommune.	PP-tenesta
	Vi innfører Betre tverrfagleg innsats (BTI) som modell for tverrfagleg arbeid med barn, unge og familiar i Vestnes kommune.	Kommunalsjef oppvekst og kommunalsjef helse
	Vi brukar «Plan for arbeidet med eit godt psykososialt miljø i barnehagane i Vestnes» som førebyggjande for eit godt oppvekstmiljø og som verktøy til hjelp når barn ikkje har ein trygg og god barnehagekvardag.	Barnehagane
	Vi gjennomfører årleg foreldreundersøking (Udir), der trivsel og miljø er tema blant nokre av spørsmåla.	Barnehagane
	Vi har ulike typar tema-arbeid gjennom året som skal bidra til at alle barn føler seg sett og verdsett for den dei er, og synleggjere den enkelte sin plass i fellesskapet.	Barnehagane
	Vi brukar mangfald som ein ressurs i det pedagogiske arbeidet og støttar barna ut frå deira eigne kulturelle og individuelle føresetnader.	Barnehagane
	Vi nyttar foreldremøte som ein arena for å ta opp tema som styrkar mangfald og inkludering.	Barnehagane og grunnskulane
	Vi nyttar ekstra ressursar i ein oppstartsperiode for å ta i mot og gi støtte til språkopplæring for innvandrarar.	Barnehagane og grunnskulane
	Vi gjer tolkereglementet til Vestnes kommune kjent, slik at alle som har bruk for tolk i møte med barn eller vaksne, får tilbod om det.	Barnehagane og grunnskulane

Vi tek i bruk den nye språkplanen som er utarbeidd for barnehagar og skular i kommunen.	Barnehagane og grunnskulane
Vi handlar etter aktivitetsplikten og sett i gang undersøkingar og tiltak dersom barn og unge opplever å ikkje ha eit trygt og godt miljø.	Barnehagane og grunnskulane
Vi jobbar med livsmeistringsprogrammet «Livet & sånn».	Grunnskulane og enkelte av barnehagane
Vi gjennomfører innsamling til TV-aksjonen/ Forut skuleløp/barneaksjonen, aksjonar med globale tema som t.d. FN sine berekraftsmål, barnerettar og utviklingssamarbeid.	Grunnskulane og enkelte av barnehagane
Vi har "bli kjent-dagar" i starten av eit skuleår.	Grunnskulane
Vi har aktivitetsdagar på tvers av trinn/hovudsteg (t. d. turneringar, verkstad, vennskapsveke, o.l.).	Grunnskulane
Vi har fadderdagar i grupper, ofte med mangfald og inkludering som tema.	Grunnskulane
Vi brukar leikepatruljen som eit tiltak for inkludering (barnesteget).	Grunnskulane
Vi gjennomfører og følger opp elevundersøkinga (7. – 10. trinn).	Grunnskulane
Vi gjennomfører og følger opp klassetrivsel-undersøkinga.	Grunnskulane
Vi gjennomfører og følger opp Ungdata-undersøkinga.	Grunnskulane
Vi har aktiv bruk av elevrådet.	Grunnskulane
Vi arrangerer julesamling for alle elevane.	Grunnskulane
Vi har ulike temaveker om mangfald og identitet, folkehelse og livsmeistring.	Grunnskulane
Vi har felles leirskule-veke for alle elevane på 7. trinn frå heile kommunen.	Grunnskulane
Vi nyttar filmar og undervisningsopplegg om mangfald og inkludering.	Grunnskulane
Vi nyttar etablerte kommunale tilbod (t.d. Tuentun) for elevar som i periodar treng alternative opplæringsarenaer.	Grunnskulane
Vi evaluerer denne handlingsplanen årleg for å kunne justere tiltaka ut frå eventuelle nye behov.	Kommunalsjef oppvekst i samarbeid einingsleiarane

Kultur og frivilligheit i kommunal regi

Vi har mange gode møteplassar i Vestnes som er skapt gjennom frivilligheit og kulturliv. I kommuneplanen sin samfunnsdel vert det løfta fram at vi skal gje alle innbyggjarar moglegheit til å delta i kulturaktivitetar og å oppleve eit mangfald av uttrykk. I planen vert det òg framheva at vi i Vestnes kommune støttar opp om møteplassar og arrangement som fremmer deltaking, opplevingar og samhald for alle grupper av befolkninga. Kultur kan vere med på å styrke forståinga av kven vi er og formidle det unike i kvart einskild menneske. Gjennom kultur kan vi uttrykke oss sjølve, bli kjent med andre og møtast på tvers av våre ulikheiter.

I Lov om folkebibliotek står det mellom anna at: §1: *Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet.* §2: *Folkebibliotekvirksomheten omfatter bibliotektenester for alle som har spesielle vansker med å bruke biblioteket.* Regjeringa sin nasjonale bibliotekstrategi understrekar at biblioteka skal være gratis, inkluderande og tilgjengelege for heile befolkninga, uavhengig av inntekt, sosial status eller geografi. Dei skal fungere som møteplassar og arenaer for samtale og debatt, og bidra til ytringsfridom og demokratisk deltaking.

Vestnes kulturskole arbeider for at kulturskolen skal være for alle. Ein kulturskole for alle inneber at alle opplever tilboda ved kulturskolen som relevante og inkluderande, uavhengig av kva bakgrunn og føresetnadar dei har. I tillegg til undervisning som ligg til kjerneprogrammet samarbeider kulturskolen i Vestnes breidt ut både internt i organisasjonen og med frivillige lag og organisasjonar. Gjennom desse samarbeida kjem vi nærmare måla vi har satt oss om å være meir tilgjengelig og å utvikle heilskaplege tilbod til innbyggjarane. I Ny rammeplan for kulturskolen, med undertittel «kulturskole for alle» kan vi lese: Kulturskolen speglar av mangfaldet i kulturelle uttrykk og kulturelle identitetar i samfunnet, og han legg til rette for eit inkluderande kulturskoletilbod.

Kulturskolen er forankra i opplæringslova som slår fast at alle kommunar skal ha eit kulturskoletilbod: §26-1 Kulturskole: kommunen skal ha eit tilbod om kulturskole til barn og unge, organisert i tilknytning til skolen og kulturlivet. § 26-2 Formålet med kulturskolen: kulturskolen skal legge til rette for at elevane får delta i ulike aktivitetar der dei får lære, opplev, skape og formidle kulturelle og kunstnariske uttrykk, i eit trygt og godt skolemiljø.

Frivilligheita aktiviserer og engasjerer folk, og skaper arenaer for samhandling. Møteplassar der fellesskap og deltaking står i sentrum gir ein meirverdi som strekker seg utover organisasjonane sine eigne mål. Slike arenaer kan fremme toleranse og forståing mellom ulike grupper i befolkninga, og bidra til å motverke rasisme og diskriminering. Deltaking i frivillig verksemd gir òg nye kontaktar og nettverk, og styrker fellesskapet i lokalsamfunnet.



Foto: Vestnes frivilligsentral

Vestnes kommune har eit mangfaldig organisasjonsliv som gir innbyggjarane eit variert tilbod. Lag og foreiningar er viktige samarbeidspartnarar i arbeidet med å fremme inkludering og mangfald og førebyggje utanforskap.

Kommunen samarbeider tett med frivillige aktørar, mellom anna gjennom ein årleg møtearena, for å vidareutvikle felles innsats på områda i denne planen, og øvrige tema. Vestnes frivilligsentral, som både er registrert som frivillig organisasjon og eigd av kommunen, er ein naturleg arena for å fremme inkludering og etablere samarbeid med andre frivillige organisasjonar

Frivilligsentralen skal vere relevant for ei brei gruppe innbyggjarar, og tilbyr derfor ulike aktivitetar. Tilbodet frivilligsentralen har skal ikkje konkurrere med lag og organisasjonar, men kan bidra til å etablere aktivitetar det er behov for, men som enno ikkje finst. Gjennom å aktivt invitere innbyggjarar inn i lag og organisasjonar, kan vi styrke frivilligheita og motverke einsemd og utanforskap.

Slik vil vi ha det (mål)	Slik gjer vi det (plan for gjennomføring)	Primæransvar
Vi skal utvikle livskraftige bygder med fokus på kultur, identitet og særpreg	Vi tilbyr bøker på aktuelle morsmål og ressursar som støttar språkopplæring.	Biblioteket
	Vi legg til rette for frivillig aktivitet ved å tilby gratis lokale til lag og organisasjonar.	Frivilligsentralen
	Vi hjelper nye innbyggjarar inn i organisasjonslivet gjennom rettleiing og tilrettelegging.	Frivilligsentralen
	Vi nyttar nettsideløysingar og sosiale plattformer som verktøy for å styrke bygdeidentitet og fremme mangfald.	Frivilligsentralen/Biblioteket
	Vi arrangerer aktivitetar som allsong, språkkafé, matdagar og temakveldar som fremmer mangfald og inkludering.	Frivilligsentralen/Heile kultureininga
	Vi samarbeider med nasjonale og regionale kulturordningar for å sikre eit breitt tilbod av profesjonelle kulturarrangement til både barn, unge og eldre.	Kulturskulen
	Vi tilbyr faste musikkaktivitetar på institusjonar som bidreg til livskvalitet, trivsel og fellesskap for bebuarar.	Kulturskulen
	Vi støttar skular, lag og organisasjonar med musikalske og pedagogiske ressursar, og bidreg til å utvikle inkluderande aktivitetar og arrangement.	Kulturskulen
	Vi tilbyr kommunen konsertar, framsyningar og større kulturprosjekt.	Kulturskulen
I Vestnes har vi eit trygt og inkluderande lokalsamfunn for alle.	Vi tilbyr opne arrangement som bygger fellesskap og fremmer eit inkluderande og mangfaldig miljø.	Heile kultureininga
	Vi tilbyr ulike aktivitetar og arrangement for alle innbyggjarane i Vestnes i mangfaldsveka.	Heile kultureininga i samarbeid med lag og organisasjonar
	Vi inviterer til dialogmøte med ulike aktørar for å fremme mangfald og samhandling.	Frivilligsentralen Biblioteket/

	Vi nyttar iVestnes til å gjere informasjon om aktivitetar og arrangement meir tilgjengeleg.	Biblioteket/ Frivilligsentralen
	Vi nyttar iVestnes til å auke bevisstheita rundt mangfald og inkludering.	Frivilligsentralen
	Vi har mentorordning som hjelper personar med minoritetstrekk inn i lokalsamfunnet.	Frivilligsentralen
	Vi løfter fram viktige internasjonale dagar som FN-dagen mot rasisme, Pride og verdsdagen for psykisk helse for å fremme mangfald og bevisstheit.	Biblioteket/ Frivilligsentralen
	Vi samarbeider med lag og organisasjonar for å fremme mangfald og sikre inkluderande aktivitetar.	Frivilligsentralen
	Vi tilbyr gratis utlån av fritidsutstyr slik at menneske med ulik bakgrunn og livssituasjon får like moglegheiter til å delta i friluftslivsaktivitetar.	Frivilligsentralen
	Vi samarbeider med frivillige organisasjonar for å utvikle inkluderande møteplassar som er opne for alle.	Frivilligsentralen
	Vi har eit ungdomstilbod som er ope for alle frå 8. kl. til 18 år.	Frivilligsentralen/SMUD
	Vi tilbyr lik tilgang på informasjon og kunnskap til alle.	Biblioteket
	Vi tilbyr tilgang på datautstyr og spelkonsollar for å jamne ut sosiale forskjellar.	Biblioteket
	Vi har eit "Bok til alle"-bibliotek, som tilbyr tilrettelagt litteratur.	Biblioteket
	Vi tilbyr musikk- og danseopplæring som er tilpassa ulike aldersgrupper og behov, slik at alle kan delta uavhengig av livssituasjon.	Kulturskulen
	Vi utviklar kultur- og musikktilbod tilpassa elever med særskilde behov, til dømes Ungdomsgruppa og Kor Gla/ demenskor.	Kulturskulen

Kunnskapsutvikling og bevisstgjeriing i kommunen som organisasjon

Både nasjonalt og internasjonalt lovverk omhandlar retten alle har til å leve i eit samfunn utan diskriminering og med like rettar og moglegheiter for alle. §26 i Likestillings- og diskrimineringsloven pålegg kommunane å arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremme likestilling og hindre diskriminering. Lova har som formål å fremme likestilling og hindre diskriminering på grunn av til dømes kjønn, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetting, seksuell orientering, kjønnsidentitet, alder og andre vesentlege forhold hos ein person.

Kunnskapsutvikling og bevisstgjeriing av haldningar og verdiar står sentralt i arbeidet med å skape og oppretthalde eit trygt og inkluderande lokalsamfunn. I kommuneplanen sin samfunnsdel vert det løfta fram at vi i tillegg til å ha eit trygt og inkluderande lokalsamfunn for alle, også skal arbeide for eit inkluderande arbeidsliv og tilrettelagte arbeidsplassar.

Kunnskapsutvikling og bevisstgjeriing legg grunnlaget for våre haldningar, praksis og kultur. Eit mangfaldig lokalsamfunn og arbeidsliv, kan gi oss verdifull innsikt i andre sine perspektiv og erfaringar. Dette kan vere med på å auke forståinga for at vi alle er forskjellige og motverke fordommar. Når vi er meir bevisste på våre haldningar og verdiar, kan vi gjennom refleksjon endre åtferd for å skape eit meir inkluderande miljø der vi alle blir sett, forstått og respektert som den vi er.

Kommunesektoren sin organisasjon, KS, tilbyr mange gode e-læringskurs som kan vere med på å styrke arbeidet for inkludering og mangfald. I denne handlingsplanen er det vedlagt lenker til slike e-læringskurs og andre aktuelle ressursar.

Vestnes kommune har fokus på å arbeide heilskapleg og førebyggjande. Som vist ovanfor står kunnskapsutvikling og bevisstgjeriing av haldningar og verdiar sentralt i arbeidet med å skape og oppretthalde trygge og inkluderande lokalsamfunn. I vårt vidare arbeid har vi følgjande plan for gjennomføring:

- Vi har signert avtale med Nasjonalforeininga for folkehelse om å bli med i satsinga om demensvennlege samfunn. Vi legg til rette for at personar med demens opplever meistring og inkludering.
- Vi brukar sosiale medium og kommunen si nettside for å informere og dele kunnskap.
- Vi har utvida fokus på universell utforming.
- Vi ser på moglegheita for å gjere unntak frå kvalifikasjonsprinsippet for auka inkludering.

- Vi legg til rette for språkpraksis for personar med svake norskkunnskapar.
- Ved ny valperiode kan vi evaluere handlingsplanen.

AVSLUTNING

Det er viktig med ein felles innsats for at vi skal nå måla om eit meir inkluderande lokalsamfunn der alle føler seg verdsett og akseptert. Vi må møte mangfaldet av menneske med respekt og openheit. Å fokusere på mangfaldsarbeid, kan bidra til eit betre miljø for alle. Ein skriftleg plan er berre starten på det vidare arbeidet. Haldningsskapande arbeid tek tid og er noko ein må jobbe med kontinuerleg. Små handlingar kan utgjere store forskjellar. Saman kan vi vere med på å skape ein betre kvardag for ALLE.

KJELDER

[Forskjellsbehandling, diskriminering og rasisme i norsk grunnskole - Nasjonalt vitenarkiv](#)

[Forskrift om tilskudd til frivilligsentraler - Lovdata](#)

[Fremme et trygt og godt barnehagemiljø og forbygge mistrivsel og krenkelser | udir.no](#)

[Handlingsplan mot rasisme og diskriminering – ny innsats 2024–2027](#)

[inkludering – Lille norske leksikon](#)

[Kommunefakta Vestnes – SSB](#)

[Kommuneplanens samfunnsdel 2025 - 2037 - Vestnes kommune](#)

[Kompetansepakke om inkluderende praksis | udir.no](#)

[Lov om barnehager \(barnehageloven\) - Lovdata](#)

[Lov om folkebibliotek](#)

[Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa \(opplæringslova\) | udir.no](#)

[Lov om likestilling og forbud mot diskriminering \(likestillings- og diskrimineringsloven\) - Lovdata](#)

[mangfold – Lille norske leksikon](#)

[Nytt kurs skal gjøre kommunen til et bedre sted - Hjem](#)

Oppvekstprofil Vestnes kommune: [Kommune](#)

[plan-for-arbeidet-med-eit-godt-psykososialt-miljo-i-barnehagane-i-vestnes-kommune.pdf](#)

[plan-for-forebyggjande-arbeid-mot-omsorgssvikt-og-atferdsproblem.pdf](#)

[Rammeplan for barnehagen | udir.no](#)

[Regjeringa sin bibliotekstrategi "Rom for demokrati og dannelses" Utvida til 2025.](#)

Ungdata 2024 mellomsteget: [PowerPoint-presentasjon](#)

Ungdata 2024 ungdomstrinnet: [PowerPoint-presentasjon](#)

[Utenforskap 15-29 år - Samhandlingsbarometeret](#)

[6. Skolen har en aktivitetsplikt | udir.no](#) for skole

KUNNSKAPSGRUNNLAG FOR HANDLINGSPLANEN

Kommuneplanen sin samfunnsdel for 2025 – 2037

[Kommuneplanens samfunnsdel 2025 - 2037 - Vestnes kommune](#)

Kommunestyret i Vestnes vedtok 06.03.25 *Kommuneplanen sin samfunnsdel for 2025 – 2037*, som skisserer ønska utvikling av kommunen og lokalsamfunnet. Denne handlingsplanen er forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel. Eit av satsingsområda i kommuneplanen sin samfunnsdel er gode kvardagsliv og har følgande hovudmål: «*Vi har eit inkluderande lokalsamfunn som fremmer trivsel, meistring og god folkehelse i alle fasar i livet*». Kommuneplanen løftar også fram at «vi skal utvikle livskraftige bygder med fokus på kultur, identitet og særpreg» og at vi «skal arbeide for eit inkluderande arbeidsliv og tilrettelagte arbeidsplassar».

Plan for arbeidet med eit godt psykososialt miljø i barnehagane i Vestnes

[plan-for-arbeidet-med-eit-godt-psykososialt-miljo-i-barnehagane-i-vestnes-kommune.pdf](#)

Planen for eit godt psykososialt barnehagemiljø i barnehagane i Vestnes er ein forpliktande plan for kommunale og private barnehagar i arbeidet med å førebygge, hindre, oppdage og gripe inn når ein mistenker at barn ikkje har ein trygg og god barnehagekvardag.

Plan for førebyggjande arbeid mot omsorgssvikt og åtferdsproblem

[plan-for-forebyggjande-arbeid-mot-omsorgssvikt-og-atferdsproblem.pdf](#)

«Plan for førebyggjande arbeid mot omsorgssvikt og åtferdsproblem hos barn og unge i Vestnes kommune 2024-2026» vart vedtatt av kommunestyret 20.06.2024. Planen skal beskrive kommunen sitt førebyggjande arbeid på området og synleggjere mål og samordning av tenestetilbodet til gravide, barn, unge og deira føresette slik at kommunen i større grad kan sikre innbyggjarane rett hjelp til rett tid og på rett nivå.

Ungdata junior

Ungdata 2024 mellomsteget: [PowerPoint-presentasjon](#)

Ungdata junior er eit spørjebasert kartleggingsverktøy som kommunar over heile landet brukar. Målet er å finne ut korleis barn på 5. – 7. trinn (10- 12 år) har det, og kva dei driv med i fritida. Tala vi brukar her er basert på spørjeundersøkinga som vart gjennomført i Vestnes kommune våren 2024. Mykje av det som kjem fram i undersøkinga tyder på at dei fleste barn har det godt, samtidig som det finst utfordringar å ta tak i også. 91 prosent av barna i Vestnes synest at livet deira er bra, og 95 prosent seier dei har minst ein fortruleg ven. Vidare seier 95 prosent at dei er fornøgd med foreldre/føresette og 85 prosent seier dei er fornøgd med helsa si. 87 prosent seier dei trivst på skulen, medan 91 prosent seier det same på landsbasis. 82 prosent føler dei passar inn blant elevane, her svarer 87 prosent det same på landsbasis. Mobbing er eit alvorleg problem for dei som blir ramma. 12 prosent seier at dei har blitt mobba av andre barn, noko som er nokså likt talet på landsbasis. 31 prosent seier dei ofte gruar seg til å gå på skulen, noko som er høgare samanlikna med landssnittet på 26 prosent. 36 prosent har opplevd negative hendingar på nett, medan 33 prosent svarer det same på landsbasis. 12 prosent er ofte einsame, noko som er nokså likt talet på landsbasis. 64 prosent er fornøgd med skulen dei går på, samanlikna med 80 prosent på landsbasis. 72 prosent er med på ein fast fritidsaktivitet, medan landssnittet ligg på 77 prosent. 4 prosent har ingen å vere saman med på fritida, mot 6 prosent på landsbasis.

Ungdata

Ungdata 2024 ungdomstrinnet: [PowerPoint-presentasjon](#)

Ungdata er eit spørjebasert verktøy som gir eit breitt bilete av korleis ungdom har det og kva dei driv med i fritida. Tala vi presenterer her er basert på hovudresultata av Ungdata-undersøkinga som blei gjennomført blant ungdomsskuleelevar i Vestnes kommune våren 2024. Her er nokre nøkkeltal frå undersøkinga for ungdom i Vestnes:

87 prosent har minst ein fortruleg ven, som er likt talet på landsbasis. 86 prosent er fornøgd med foreldre/føresette. 31 prosent har vore ute med venner størsteparten av kvelden minst to gonger i løpet av den siste veka, som er litt lågare enn for landssnittet på 37 prosent. 74 prosent har vore sosial på nettet størsteparten av kvelden minst to gonger i løpet av den siste veka, dette er tal som likt for landsnittet. 13 prosent har vore veldig mykje plaga av kjensla av å vere einsam i løpet av den siste veka, som er litt høgare tal enn landssnittet på 9 prosent. Verdt å merke seg er at berre 38 prosent er fornøgd med skulen dei går på, noko som er lågt samanlikna med landssnittet på 62 prosent. 57 prosent er fornøgd med lokalmiljøet, også lågare enn landssnittet på 67 prosent. 62 prosent synest tilbodet av idrettsanlegg i nærområdet er bra, mot 72 prosent på landsbasis. 62 prosent synest tilbodet av lokale der ein kan treffe andre unge på fritida er bra, medan landssnittet ligg på 55

prosent. 42 prosent synest kulturtilbodet er bra, mot 59 prosent på landsbasis. 53 prosent er med på organiserte fritidsaktivitetar, landssnittet for dette ligg på 58 prosent. 59 prosent er fornøgd med helsa si, som er noko lågare enn landssnittet på 67 prosent. 86 prosent drikk ikkje eller har berre smakt alkohol, som er på nivå med landssnittet. 12 prosent har vore rusa på alkohol det siste året, også på nivå med landssnittet. 3 prosent har brukt hasj eller marihuana det siste året, medan 18 prosent har fått tilbod om hasj eller marihuana det siste året. Desse tala er like tala på landsbasis. 19 prosent har hatt psykiske plagar dei siste sju dagane, mot 16 prosent på landsbasis. 11 prosent har blitt mobba minst kvar 14. dag, landssnittet er 8 prosent.

Oppvekstprofilane

Oppvekstprofil Vestnes kommune: [Kommune](#)

Oppvekstprofilane er utarbeidd i samarbeid mellom Arbeids- og velferdsdirektoratet, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, Folkehelseinstituttet, Integrerings- og mangfaldsdirektoratet, Kommunesektoren sin organisasjon, Utdanningsdirektoratet og Helsedirektoratet. Indikatorar som blir presentert i profilen har som mål å fremme barn og unge sitt oppvekstmiljø.

Oppvekstprofilen viser nokre av kommunane sine styrker og utfordringar. Tema for årets profil (2025) er inkludering av barn og unge med innvandrarbakgrunn. Nokre av nøkkeltala som vert presentert i oppvekstprofilen for Vestnes er:


- Talet på barn (0-17 år) i kommunen per 1.1.2024 som er innvandra eller norskfødde med innvandrarforeldre, er lågare enn i landet som heilheit.
- Talet på barn som bur i hushaldingar med vedvarande låg inntekt, er ikkje signifikant forskjellig frå landet som heilheit.
- Talet på ungdomsskuleelevar som svarar at dei opplever tilbodet av treffstader for unge som svært bra eller nokså bra, er høgare enn landsnivået.
- Talet på ungdomsskuleelevar som har mange psykiske plagar, er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået.
- 17 prosent av barn og unge (0-29 år) i Vestnes har innvandringsbakgrunn.

Ifølgje oppvekstprofilen, klarer dei fleste barn og unge som veks opp i Norge seg veldig bra i oppveksten og gjennom utdanninga si, enten dei har innvandra eller ikkje. Barn og unge med innvandrarbakgrunn representerer ein stor ressurs for det norske samfunnet, med stort utdanningsdriv og ulike perspektiv og erfaringar. Norskfødde med innvandrarforeldre har utdanning, inntekt og sysselsetting omtrent på nivå med befolkninga elles. Likevel ser ein nokre skilnader. Barn og unge med innvandrarbakgrunn bur oftare i heimar der foreldre har utfordringar knytt til økonomi, arbeidsliv, helse og bustadforhald. Utfordringane heng ofte saman med lite utdanning hos foreldra, fluktbakgrunn og at dei har budd i landet i kort tid. Det kan ha negativ påverknad på barn og unge sin livskvalitet, levekår og livsmoglegheiter.

Oppvekstprofilen viser til at økonomi kan vere ein barriere for å kunne delta i fritidsaktivitetar. Å oppleve å høyre til og å vere inkludert, å ha moglegheit for sosial deltaking og utfalding, er

viktig for barn og unge si helse og utvikling. Færre barn med innvandrerbakgrunn deltek i fritidsaktivitetar, og for mange er økonomi ein av grunnane til dette. Andre barrierar for deltaking er språk, helse og mangel på nettverk.

Figur 5. Barn 0-17 år i husholdninger med vedvarende lavinntekt, definert som inntekt under 60 % av nasjonal medianinntekt over en treårsperiode, etter innvandrerbakgrunn.



Mangfaldsundersøkinga

[Les heile undersøkinga for innbyggjarar](#) / [Les heile undersøkinga for tilsette](#)

Det vart i dette prosjektet gjennomført ei kvantitativ undersøking blant dei tilsette i kommunen og blant kommunen sine innbyggjarar som er over 18 år. Undersøkingane har kartlagt haldningar til mangfald og erfaringar med mangfaldsarbeid og diskriminering.

Innbyggjarane i Vestnes

Undersøkinga viser at innbyggjarane i Vestnes i hovudsak er positive til eit fleirkulturelt samfunn. Dei føler seg komfortable med å samarbeide med personar med ein annan religiøs bakgrunn (80%) og å ha naboar frå ulike land (78%), og dei fleste ser mangfald i skular og barnehagar som positivt (77%).

På den andre sida er 13% av befolkninga negative til eit fleirkulturelt samfunn. Særleg blant unge menn er mange negative (32%), og menn generelt har ei meir negativ haldning enn kvinner, uavhengig av alder.

Innbyggjarane er delt i synet på om diskriminering er eit problem i Vestnes. Totalt sett opplever 22% at det er noko eller mykje diskriminering i Vestnes. Flest opplever at denne diskrimineringa er på bakgrunn av mangelfulle norskkunnskapar (24%), etnisitet (15%), funksjonsnedsettingar (14%) og alder (13%). Arenaene flest har vore utsett for diskriminering er i arbeidssamanheng og på skulen/i utdanning (17%). 12% har opplevd diskriminering av helsepersonell og tilsette på offentlege kontor.

Tilsette i Vestnes kommune

Dei fleste tilsette, 7 av 10, seier i undersøkinga at dei er positive til tilsetting av personar med minoritetstrekk, særleg når det gjeld minoritetsbakgrunn og seksuell orientering. 6 av 10 er positive til tilsettingar av personar med funksjonsnedsettingar. Motstanden mot å tilsette personar som ikkje snakkar flytande norsk er spesielt høg, 4 av 10 er negative.

Eit fleirtal av kommunetilsette meiner at arbeidsplassen deira ikkje diskriminerer personar med minoritetstrekk. Funn i undersøkinga viser at ein stor del av dei tilsette ikkje har ei klar forståing av om det førekjem diskriminering, spesielt når det gjeld personar med kjønnsoverskridande identitet og hol i CV-en. I underkant av halvparten meiner at personar med disse trekka ikkje blir diskriminert, men mange svarar at dei ikkje veit eller verken eller.

Totalt er 3 av 4 kommunetilsette svært eller nokså positive til mangfald i tilsettingar, medan 1 av 4 er nøytrale eller negative. Kvinner er tilsynelatande meir positive enn menn, men dette varierer på tvers av bransjar. Tilsette i administrasjon og skule er meir positive enn dei i helse og omsorg samt tekniske yrker, der haldningane er meir delte. Yngre tilsette viser større openheit enn eldre kollegaer, og tilsette med minoritetsbakgrunn er meir positive til mangfald i tilsettingar,

1 av 10 kommunalt tilsette har opplevd diskriminering på arbeidsplassen. Alder, kjønn, språk og nasjonalitet, eller fysiske funksjonsevner er dei vanlegaste grunnlaga for diskrimineringa.

Språkundersøking

Hausten 2025 vart det i samband med innspeling av filmar til mangfaldsprosjektet gjennomført ei undersøking blant tilsette i skulane i Vestnes om språkbruk og typiske utfordringar blant elevar. Det var 76 respondentar til undersøkinga, hovudsakeleg lærarar og assistentar, samt nokre frå administrasjonen. Dei tilsette jobba hovudsakleg på 1. – 10. trinn, samt nokre frå SFO og administrasjon. Nesten 55 prosent seier det oppstår daglege verbale konflikhtar blant elevane, medan 33 prosent seier det oppstår kvar veke. Typiske stader for konflikhtar (ikkje berre verbale) er friminutt/skulegard (90 %), i gangen (85 %), i klasserommet (61 %), i garderoben (58 %), på skulevegen/bussen (52 %) og på sosiale medium/appar (47 %). På spørsmål om kva som er årsaker bak konfliktane er dei mest utprega grunnane kommunikasjon (94 %), utestenging/sosiale grupperingar (72 %), mobbing (53 %), skilnader i t.d. kultur eller religion (45 %) og gruppepress (21 %). Respondentane svarer at hovudbarrierar for god inkludering i skulane er språkbarrierar (74 %), mangel på ressursar (70 %), kulturskilnader (50 %), sosial ekskludering (38 %), manglande kunnskap (33 %), digital ekskludering (16 %) og manglande universell utforming (11 %).

Lowverk

Både nasjonalt og internasjonalt lovverk omhandlar retten alle har til å leve i eit samfunn utan diskriminering og med like rettar og moglegheiter for alle. I Grunnlova § 98 heiter det at «Alle er like for loven. Ikkje nokon menneske må utsettast for usakleg eller uforholdsmessig forskjellsbehandling». Norge har også internasjonale forpliktingar gjennom forbod mot diskriminering i EØS-regelverket, internasjonale konvensjonar og FN sin konvensjon om avskaffing av alle former for rasediskriminering.

Likestillings- og diskrimineringsloven pålegg kommunane å arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremme likestilling og hindre diskriminering. Lova har som formål å fremme likestilling og hindre diskriminering på grunn av til dømes kjønn, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetting, seksuell orientering, kjønnsidentitet, alder og andre vesentlege forhold hos ein person. Likestillings- og diskrimineringslova gir tilgang til positiv særbehandling av alle som er verna av loven. Det betyr at det er tillate å sette i verk positive tiltak for å fremme reell likestilling.

Nokre former for diskriminering og hatefulle ytringar kan medføre straff. Straffelova rammar diskriminerande og hatefulle ytringar som skjer på grunn av nokon sin hudfarge eller nasjonale eller etniske opphav, religion eller livssyn, seksuell orientering, kjønnsidentitet eller kjønnsuttrykk eller nedsette funksjonsevne.

Barn og unge er særskilt beskytta mot rasisme og diskriminering av Opplæringslova. I Opplæringslova kapittel 12 slår ein fast at alle elevar har rett til eit trygt og godt læringsmiljø som fremmer helse, inkludering, trivsel og læring. Skulen skal ikkje godta krenkande oppførsel, som til dømes mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Likestilling og likeverd er også omhandla i rammeplan for barnehagen. Den seier at barnehagen skal fremme likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Barnehagen skal motvirke alle former for diskriminering og fremme nestekjærleik.

Offentlege myndigheiter har lovfesta plikter til å jobbe aktivt, målretta og planmessig for å fremme likestilling og hindre diskriminering både i rolla som arbeidsgivar og i forvaltning og tenester.

Alle arbeidsgivarar har ein lovfesta plikt til å jobbe med likestilling og mot diskriminering, og dokumentere og gjere greie for arbeidet.

Definisjon av omgrep

Diskriminering betyr å behandle nokon mindre gunstig enn andre. Diskriminering er usakleg eller urimeleg forskjellsbehandling av individ på grunnlag av blant anna kjønn, religion, etnisitet, nasjonalitet eller nedsett funksjonsevne.

Inkludering refererer til prosessar der alle får moglegheit til å delta i samfunnet, uavhengig av bakgrunn eller eigenskapar. Det handlar om å anerkjenne og verdsette ulike grupper, og legge til rette for deltaking i alle aspekt av livet, inkludert utdanning, frivilligheit og arbeidsliv. Inkludering inneber også å ha like moglegheiter og å ha reell påverknad på samfunnet sine reglar.

Likestilling betyr at alle personar skal ha like rettigheter og moglegheiter i samfunnet, uavhengig av blant anna kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, alder, etnisitet og religion.

Mangfald I denne planen brukar vi omgrepet mangfald i forståinga av at menneske ikkje er like. Med mangfald viser vi òg til variasjon. Det kan vere både synlege og usynlege forskjellar. Ei gruppe kan til dømes ha variasjon i alder, kjønn, religion, etnisitet, personlegdom, funksjonsnedsetting, interesser, seksuell orientering eller meiningar.


Rasisme er haldningar eller handlingar der vi rangerer nokon menneske som dårlegare enn andre på bakgrunn av utsjånad, kultur, nasjonalitet eller religion, og ikkje på bakgrunn av handlingane deira.

Etnisitet omhandlar mellom anna nasjonalt opphav, avstamming, hudfarge og språk.

Kommunefakta for Vestnes i 2025

Folketalet i Vestnes 3. kvartal 2025 er 7292 innbyggjarar. Personar som bur i kommunen og har innvandra sjølv eller er barn av to innvandrarar med bakgrunn frå utvalde land viser at hovuddelen av desse kjem frå Ukraina (302) og Polen (252).

Personer med innvandrerbakgrunn. Utvalgte land.



Kilde: Innvandrere og norskfødte med innvandrerforeldre, Statistisk sentralbyrå

RESSURSAR OG IDÉBANK

For tilsette i barnehagar	
For tilsette i barnehagen om aktivitetsplikt	Filmer om aktivitetsplikten udir.no
Film om sosial inkludering	Film: Sosial inkludering udir.no
Korleis synleggjere mangfaldet, med lenker til pedagogisk ressursmaterieil	Mangfold, inkludering og antirasisme - Likestillingssenteret KUN
Film med refleksjonsoppgåver om inkluderande fellesskap	Film: Inkluderende fellesskap udir.no
Film om vald og overgrep mot barn	Vold og overgrep mot barn - fakta, omfang og konsekvenser. Hva kan du som er voksen gjøre?
Artiklar om mangfald i barnehagen, samt lenker til aktivitetar og ressursar for eit inkluderande leike- og læringsmiljø	Mangfold i barnehagen – NAFO
Samling av nyttige ressursar for dei som jobbar med fleispråklege barn og flyktningar i barnehagen	Flerspråklige barn og flyktninger i barnehagen udir.no
Ulike artiklar og forskning om mangfald og inkludering i barnehagen	Mangfold og inkludering i barnehagen Universitetet i Stavanger
For tilsette i skular	
Fin opning for samtalar rundt mangfald	Bing Videoer
Kor forskjellige er vi? Elevar blir utfordra på eigne og andre sine fordommar (må ha abonnement)	Skolebytte TV 2 Play
Korleis sjå på mangfald som ein ressurs	Film: Å verdsette mangfold udir.no
Korleis synleggjere mangfaldet, med lenker til pedagogisk ressursmaterieil	Mangfold, inkludering og antirasisme - Likestillingssenteret KUN
Film om korleis skulen kan støtte elevane si sosiale læring, og utvikle inkluderande fellesskap gjennom opplæring i fag	Film: Sosial læring og inkluderende læringsmiljø udir.no

Refleksjonsoppgåve for elevar om eit ideelt samfunn	Det perfekte samfunn - Ditt drømmesamfunn - Religion og etikk - NDLA Filmoppgave: Det perfekte samfunn - Religion og etikk - NDLA
Artikkel om inkluderande fellesskap	Inkluderende fellesskap udir.no
Artikkel (engelsk) om korleis lærar kan fremme likestilling og mangfald i undervisninga	Promoting Equality and Diversity in the Classroom Principles
Filmar (engelsk) om korleis jobbe med mangfald og inkludering på skular	how to work with diversity and inclusion at primary school - Søk Videoer
Film om vald og overgrep mot barn	Vold og overgrep mot barn - fakta, omfang og konsekvenser. Hva kan du som er voksen gjøre?
«Ingen utanfor», eit metodehefte for lærarar med aktivitetar for å skape eit trygt og inkluderande klassemiljø og forebygge mobbing og utanforskap (Redd Barna)	Ingen Utenfor - Skole og barnehage
«Det magiske klasserommet», digital undervisningsressurs som utforskar temaet krig og fred gjennom filmar, biletsierar og quizar. For 5. – 10. trinn (Redd Barna)	Fred, krig og flukt - Skole og barnehage
Undervisningsressursar for 1. – 10. trinn om rasisme, funksjonsmangfald og diskriminering (Redd Barna)	Ikke-diskriminering - Skole og barnehage
Hefte med elevrapport og metodedel med tilhøyrande ressurs-ark om korleis jobbe med språkbruk i barneskulen (Redd Barna)	Hvordan jobbe med språkbruk i barneskolen? - Skole og barnehage
Filmpakke frå mangfaldsprosjektet. Korte filmar om temaet mangfald og inkludering med tilhøyrande undervisningsopplegg .	Til mangfaldsprosjektet/filmpakke

Ulike nettressursar som handlar om mangfald og inkludering	
Fagleg forum for kommunalt flyktningararbeid	http://www.ffkf.no
IMDi skal gjennomføre regjeringa sin integreringspolitikk. IMDi skal styrke kommunane, sektormyndigheitene og andre samarbeidspartnarar sin kompetanse på integrering og mangfald.	http://www.IMDi.no
Rapport frå KS	Kan nye stillinger gi bedre oppgaveløsning i pleie- og omsorgssektoren? - Hjem

KS seminar om unntak frå kvalifikasjonsprinsippet i kommunal sektor	Seminar om unntak fra kvalifikasjonsprinsippet i kommunal sektor - Hjem
KS, inkludering i arbeidslivet: om unntak frå kvalifikasjonsprinsippet	Unntak fra kvalifikasjonsprinsippet - Hjem
Bufdir: Barn og unges erfaringer med rasisme og diskriminering	Ny omfattende rapport: En høy andel barn og unge opplever rasisme Bufdir
MIKA-Mangfold, Inkludering, Kompetanse, Arbeidsliv. Fagleg kunnskap basert på forskning, praktiske prosjekterfaringar og gode eksempel på tiltak	Forside MIKA
Filmserie med inkluderingstips	Inkluderingstips på film — Knekk inkluderingskoden!
Korte filmar som handlar om å inkludere barn og unge i fritidsaktivitetar	ALLEMED - Filmer
Ressursar i arbeidet med mangfold og inkludering i kulturskulen	Mangfold og inkludering > Kulturskolerådet
For eit arbeidsliv som inkluderer	Idébanken – tips og råd om arbeidsmiljø og sykefravær
27 gode gjerningar for å dyrke ein positiv arbeidsplass	27 Tilfeldige gjerninger av godhet for å skape en positiv arbeidsplass Surf Office
Korleis betre arbeidsmiljøet? 5 råd frå STAMI	Hvordan bedre arbeidsmiljøet? 5 råd fra STAMI
Film «Open your mind» om fordommar, mangfold og inkludering	https://youtu.be/Q6eqOBOqESM
Film om å sikre lik behandling og like moglegheiter for alle	Equality, Diversity and Inclusion (EDI) Module 01
Film som forklarar mangfold og inkludering	Equality Diversity & Inclusion in 2021 - WHAT'S IT ALL ABOUT?
Nettside om negativ sosial kontroll	Negativ sosial kontroll og æresmotivert vold IMDi
Historier om friheit, frå verkelegheita	Nora IMDi
Filmar som fokuserer på likeverd, inkludering og kampen mot rasisme	Filmer om rasisme: Hjem - Likestillingssenteret KUN
Film om mikroaggresjon	Hva er mikroaggresjoner? Mange bekker små
Film som forklarar om mangfold og inkludering	Diversity and Inclusion (as it was)
Film og artikkel: Nasjonalforeininga for folkehelse forklarar om demensvenleg samfunn	Demensvennlig samfunn

NRK-artikkel om levekår, med talmateriale frå ulike bygder i eigen kommune	Norges skjulte forskjeller – NRK Vestfold og Telemark – Lokale nyheter, TV og radio
Kulturskolemanifest KIL er eit nettverk av kulturskular i Norden som har laga eit manifest for eit meir inkluderande kulturliv	2020 Kulturskolemanifestet Norsk 9.11.pdf